



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK DRIFT

Saksnr: 2006/3214

Løpenr: 12088/2008

Arkivkode: 137/565

INTERNT NOTAT

Dato: 19.05.2008

Til:
Larissa Dahl

Frå: Linda Folkestad

VEDRØRANDE SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE, GNR.137, BNR. 565.

Synar til byggesak gnr. 137, bnr. 565 der eigar søkar om dispensasjon frå byggegrensa mot veg. Etter synfaring på staden og vurdering av forholda kan ikkje vegavdelinga godta at det her vert sett opp carport. Plasseringa av carport ligg i frisiktsona til avkjørsla. Frisiktsona i avkjørsla er i dag minimal og ein har berre sikt i ein retning grunna ein for høg mur hos nabo.

Vegavdelinga vil ikkje gje dispensasjon for oppsetting av byggverk i denne sona. Avkjørslas siktsona vert konstruert ved å trekke ein linje frå eit punkt 4m inn i avkjørsla og minimum 30m i kvar retning. I denne sona skal det ikkje være sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Det er veglova §§40-43 og forskrift 1964-07-16 nr 3905: forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentlig veg som gjev lovheimel for at vegmyndigheita kan sette krav til avkjørsle frå kommunal veg

Linda Folkestad
saksbehandler teknisk drift